

I PERSPEKTIV 20/5-95 Tida lækjer visst ikkje alle sår

BERGE
FURRE

Eit teppe av forteiling har heile tida blitt lagt over «den andre sida». Vi på «rette sida» fekk tala om det vi hadde opplevd, følt, tenkt. Dei andre skulle teia – om smerte, sorg, urett, anger. Slik skriv professor Berge Furre om den manglande forsoninga og åpenheten mellom dei som var på «feil» side og dei som var på «rett» side i Noreg under krigen. Og han spør om det er for seint å nå forsoning.

Det fall ord om «forsoning» i somme av talene kring 8. mai. Men talarane nølte og snakka heller utydeleg – iallfall så langt dei tala om den del av folket som var NS. Og det er ikkje underleg: Forsoning er vanskeleg. Tida lækjer visst ikkje alle sår.

I Sør-Afrika samlar svart og kvit seg i ein gjennomgripande forsoningsprosess – bort frå hatet, bort frå eit raseregime meir brutalt enn det som okkuperte Noreg. No i mai fekk eg utfordringa: Etter eit foredrag frå Sør-Afrika skulle eg svara: Kva med oss? Korleis har vi stelt oss med forsoning? Kring femti tusen norske var med i NS – med familie eit par hundre tusen, ein større del av folket enn vi brukar tenkja på.

„ Kan ikke de bra NS-folk vinnes tilbake, har vi lidt nederlag „

Somme vil ha nye perspektiv på historia og på verdenskrigens moralske og politiske innhald. Eg er ikkje med. Dei kompliserande detaljer kan ikkje overskugga hovudsaka: Det tredje rike kan aldri bli noko anna enn vondskapens herrevælde. Der kan aldri ferdast ut ein moralsk veksle som betalar for fem millionar jødar. Barbariet måtte bort. Dei som støtta dette systemet tok kapitalt feil – sjølv om det fanst subjektivt gode motiv og sjølv om få visste heile sanninga om Den tredje rike.

Forsoning kan ikkje vera moralsk kompromiss – ei akkordavtale med uretten. Forsoning må vera på rettens grunn: At gamle fiendar legg konflikter bak seg og samarbeider slik at demokrati og menneskerettar blir felles mål og felles verdier. I Sør-Afrika er grunnlaget for forsoning slett ikkje kompromiss, men rettferd, apart-

heid-systemets fall, at det vonde system blir lagt i grav.

I 1945 gav biskop Berggrav ut brosjyra «Folkedommen over NS». Han la ikkje fingrane imellom om NS: «Hele partiet ... var en sammensvergelse mot det norske folk». Men forsoning var nødvendig, sa han alt då: For kva vil skje – utan forsoning ein gong i framtida?

«Vi kan skape en pariakeste, utskutte tusener med deres barn og pårørende, en evig bitterhetsskilde, et sår som ikke kunne leges gjennom generasjoner, en konfliktsarner som kunne tenne ild både her og der.»

Og han utfordrar seg sjølv og ettertida – oss: «Kan ikke de bra NS-folk vinnes tilbake, har vi lidt nederlag ... Det dømt menneske skal ikke for alle tider svimerkes.»

Korleis har det gått – slik Berggrav frykta eller slik han vona?

Mitt inntrykk er at dei fleste NS-medlemmer og sympatisørar har lagt fortida bak seg politisk og ideologisk, og at det har skjedd mykje stille kvar-dagsforsoning. Det har kosta. Det har vore vanskeleg, svært vanskeleg:


Bonden som kom heim frå Grini – og fann at grannen på andre sida tunet, som var NS, framleis sat på garden. Dei skulle vera grannar resten av livet – og det skulle borna og. Det jenkka seg langsamt. Ein dag greidde dei snakka saman, etter mange år kunne dei såvidt snakka om smerten, om hat og anger. Borna greidde det betre.

Eller hjelpearbeidaren. Under krigen var han politimann, melde seg til Austfronten for å sleppa arrestera landsmenn, tilbake med sundfrosne føter – til dom og fengsel. Omsider fekk han arbeid – i den dårlegaste jobben på heile verkstaden. Til han langsamt kunne retta nakken og ha dei andre i augehøgda. Det kosta på begge sider. Åttande mai vart ein vond dag – 17. mai var heldigvis fridag.

Odattera til offiseren i statspolitiet. Klassekameratane slo ring om henne. Ho var ein kjær kamerat – og ho visste det. Men snakka dei om krigen og ho nærma seg, vart det stilt. Alltid var ho redd emnet. Har angsten sluppe henne no? Eg trur det.

„ Kvardagsforsoninga har foregått heile tida – stille og lite synleg „

Eller «tyskerungen» – det er utruleg hva born talar av psykisk tortur gjennom ein lang opvekst. Idag er ho femti. Ho veit at faren var tysk soldat, overtidd sosialist, hata Hitler og alt han stod for. Uniformen var tvinga på han med lov av eit land i krig, og kjærleiken mellom foreldra hennar var det som gav livet hans mening, like ekte som den dottera sidan hadde opplevd. No er han død. Ho var i gravferda. Skall ho våga snakka om det? Ho



«DEI ANDRE»: Lev dei enno i angst, «dei andre», som gjekk inn i NS, tok del i massemonstringa og var på feil side under krigen? Fryktar dei søkjelyset på fortida?

kan kanskje det idag. Eg trur at svært mange med NS-bakgrunn har forsona seg med at dei tok feil. Dei tok sin straff – og dei tok alle tilleggsstraffene. Dei fann sin plass i arbeidsliv og grannelag og kanskje litt kyrkjelyds- og foreningsliv etter kvart – så stille som råd. Etter kvart la også dei «på rette sida» beiske minne bort – så langt dei kunne. Kvardagsforsoninga har foregått heile tida – stille og lite synleg. Grannar fann saman att. Familiær som var splitta vart familie att.

Men eg trur at nesten alle som var NS lever i angst – kvar 8. mai og ved kvart jubileum, angst for å få søkjelyset på fortida att, angst for at den skal gå ut over barn og barnebarn.

Dei bite og uforsonlege er i mindretall, men likevel mange, svært mange, dei som ser på seg sjølv som offer for urett fordi dei kjempa for ei sak dei trudde på og ikkje kan leggja frå seg.

Eit spørsmål uroar meg mykje: Trong dei uforsonlege, bite bli så mange? Har vi gjort det vanskelegare enn naudsynt å gjøka forsoning? Møtte dei eit samfunn som tilbød forsoning på rettens grunn, som var villig til å inkludera dei, akseptera at når dei kom ut av fengslet så vart forholdet oppgjort – og dei hadde rett til å møta sine medborgare som medborgarar i eit demokrati? Eller møtte dei noko heilt anna?

Ei undersøking tyder på at dei fleste frontkjemparane vart mishandla i fengslet. Om det er sant, måtte vel dei verka til å hamre dei fast i gamle handlingar – om dei skulle ta vare på noko sjølvrespekt?

Rettsoppgjerdja kan neppe i det store og heile kallast streng om vi ser bort frå dei som vart avretta. Dei siste fangane slapp ut i 1953. Men eg er redd for at tilleggsstraffene utanfor

fengsla – utanfor einkvar rettsorden – var verre enn fengselsstraffene: Dei stengte arbeidsplassar, husvera dei ikkje kunne få, kulden frå «den rette sida», det forferdelege ordet «landssvikar», ungar som kom heim frå skulen med sundrivne klede og naseblod, snakket bak ryggen som aldri gav seg, angsten på ein ny arbeidsplass for at nokon hadde fått vita, utstøytinga som varde og varde, stigmatiseringa, 17. mai og 8. mai som «inndagar».

” Kanskje er vi eit uforsonleg folk – eigentleg? ”

Eg har gjeve tilleggsstraff sjølv. Da SF vart skipa i 1961 – eg var partisekretær – kom det eit og anna innmeldingsbrev frå menneske med dom for «landssvik». Brev vart ikkje ein gong førte i journalen. Dei gjekk diskret i papirkorga. Det kjendes nesten sjølv sagt å gjera det. Partileiaren hadde vore XU-agent, og tidlegare tysklandsfanger gav erstatninga frå den vesttyske stat til å finansiere det nye partiet. Men likevel – dei som ville inn, ynskte kanskje nettopp ei oppgjerd med fortida, forsoning og ein innsats i samfunnsskampen på motsett fløy. Men spørsmålet kom eg ikkje på å stilla meg sjølv den gongen.

Eg trur det er på tide å leggja propagandaens karikaturar av NS-medlemmene bort: Det var ikkje lågpanna, halvkriminelle utskot som melde seg til NS. Dei fleste var heller vanlege menneske, kom frå alle samfunnslag, mange hadde kristen bakgrunn, var oppseda i speidartropp med neste-kjærlig og truska som ideal. Mange var unge og hadde betre utdanning enn gjennomsnittet. Dei var faktisk svært like oss andre.

Eg voks opp på ei lita øy vestpå der bedehus og ungdomshus tevla om hegemoniet. I slike miljø hadde NS ingen sjanse. Men om no garden hadde lege ein annan stad, om han hadde gått fallitt i trettiåra og Bygdefolkets Krisehjelp hadde berga han – og vist veg til NS, og om foreldra mine hadde vore andre enn dei var og sett på meg hirduniform? Kva hadde eg gjort?

” Det var ikkje lågpanna, halvkriminelle utskot som melde seg til NS. Dei fleste var heller vanlege menneske ”

Det gjekk betre enn Berggrav frykta i 1945: Fengsla vart fort tømde og gode tider saug NS-medlemmene inn i arbeidslivet. Den kalde krigen kom og letta trykket: NKP vart gjort til det nye «landssvikarpartiet». Og ein ny generasjon voks opp – nokså fri frå krigstraume, ser det ut til. Eit slag forsoning var vel det – iallfall eit stykke på veg.

Men eit teppe av forteling har heile tida blitt lagt over «den andre sida Vi på «rette sida» fekk tala om det vi hadde opplevd, følt, tenkt. Dei andre skulle teila – om smerte, sorg, urett, anger. Også angeren var uvelkommen. Det skulle ikkje snakkast om urett mot den sida – eller om at det var vanskeleg å bli inkludert: Dei symbolske forsoningsteikna mangla. Og dei er viktige:

Statsministeren heldt aldri den kraftfulle tale om NS-born og «tyskarborn» som hadde krav på omsorg istadenfor kulde og mishandling. Ial-fall høyrde ikkje eg den talen.

Biskopen heldt aldri den vektige, varme preika om at det var på tide å tala saman, snakka ut, setja ord på smerten – saman.

NAF/NHO-formannen nytta aldri årsmøtetalen til å fortelja om alle dei tidlegare NS-medlemmer som hadde brote med fortida, gått inn i arbeidss-felleskapet og vore med og bygd landet opp att. Skulle dei talene vore haldne? Ja, dei skulle, mener eg.

Da hadde dei bite, uforsonlege blitt færre – vi hadde vunne fleire i bake.

Er det for seint?

Ein prest ville at kyrkja 8. mai skulle gje plass for menneske med smerte og sorg på begge sider. For den som har mista eit kjærte menneske eller fått eit liv øydelagt, er smerten den same anten døden kom ved Stalin-grad eller i Atlanterhavet. Presten fekk lite gehør. Men kanskje burde kyrkja finna ein måte å gje forsoninga form og uttrykk – eit teikn å samlast rundt, ein liturgi, ei bøn, ei særleg samling?

Kanskje er det for seint – eller for tidleg?

Kanskje er vi eit uforsonleg folk – eigentleg?